

# Lokal tiltakspakke – Seljord kommune

Seljord kommune har løyvd kr 1. mil. til lokale tiltak for å hjelpe nokon verksemder og lag/foreiningar gjennom denne koronatida.



## 1. Friviljuge lag og organisasjoner

Det er venta at staten dekkjer tap av dugnadssinnsats/inntekter frå arrangement som er avlyst i samband med koronapandemien. Det er likevel å vente at fleire lag og organisasjoner har trøng for ekstrastønad for å oppretthalde normal aktivitet.

Lag og foreiningar som har trøng for ekstrastønad for å oppretthalde aktiviteten fram til sommarferien kan søke om tilskot. Ordninga kan og gjelde for ekstra aktivitetar for born og unge i sommar.

## 2. Tilskot til små bedrifter

Generell stønad for verksemder som har falle utanfor dei nasjonale stønadsordningane, men har stor omsetningssvikt og unngåeleg faste utgifter. Nyetablerte har fortrinn på stønadsordning. Beløpet kan og brukast til ekstraordinære kjøp av tenester av verksemder som har mista inntektene i perioden 13. mars til 15. juni.

## 3. Innovasjon og entreprenørskap i lokale bedrifter

Dette er ei ordning der Seljord kommune saman med Telemark Næringshage stimulerer til nyskaping. Telemark Næringshage bistår lokale bedrifter (eksisterande og nye) med gratis rådgjeving slik at dei kan fremje søknad til IN (Innovasjon Norge) for utvikling av nye produkt og tenester som ein respons på situasjonen. Seljord kommune garanterer for økonomisk stønad der IN aksepterer og godkjenner søknad. Den kommunale stønaden vil vere på minimum 20% av stønadssumma frå IN med tak opp til 100.000,-.

## 4. Støtte til verksemder som engasjerer ungdom til sommarjobb

Ordninga skal stimulerer til at lokal ungdom (16 -24 år ) kjem ut i arbeid, og bistå bedrifter som er usikre om det er råd å tilsette sommarvikar.

### Vilkår:

- a) Ordninga gjeld for all ungdom som er busett i Seljord frå og med det året dei fyller 16 år til og med det året dei fyller 24 år (ungdom født i 2004 – 1996).
- b) Arbeidet må vere utført i sommarferien (perioden 1. juni til 31.august).  
Arbeidet må ikkje fortrenge fast tilsette.
- c) Det skal vere inngått skriftleg arbeidsavtale i tråd med arbeidsmiljølova § 14-5 og § 14-6. I tillegg må arbeidsgjevar sette seg inn i kap. 11 i arbeidsmiljølova som handlar om *Arbeid av barn og unge*. Arbeidstakar og arbeidsgjevar har dei same rettar og plikter som elles er regulert i avtaleverket. Underskriven arbeidskontrakt skal leggast ved søknad.
- d) Arbeidet må vere minst 75 timer. Tilskot kan gjevast for inntil 150 timer.  
Maks ein arbeidstakar pr. bedrift kan få stønad. Omsøkt timetal kan bli redusert for å gi moglegheit for tilskot til fleire ungdomar. Det blir gitt eit tilskot pr. ungdom pr. år.  
Tilskotet er for ungdom opp til 18 år kr 60,- pr. time, for ungdom som har fylt 18 år kr 75,- pr. time.
- e) Arbeidsgjevarar, som må vere registrert, kan søkje om tilskot på fastsett skjema. Før det kan krevjast utbetaling etter ordninga, må arbeidsgjevar ha fått godkjent søknad. Utbetaling av tilskotet skjer til arbeidsgjevar etter innsendt lønsavrekning kvittert av arbeidstakaren eller revisjon.
- f) I spesielle tilfelle kan reglane fråvikast, men det må skje etter konkret vurdering av den enkelte sak.

Eige skjema for å søke støtte etter denne ordninga er på kommunens nettside.til sommarferien kan søke om tilskot. Ordninga kan og gjelde for ekstra aktivitetar for born og unge i sommar.

### Spørsmål om ordningane kan stillast til kultur- og næringssjef

Asbjørn Storrusten e-post: as@seljord.kommune.no eller tlf. 917 96 785.

**Send enkel søknad til:** post@seljord.kommune.no, merka: Lokal tiltakspakke.